

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Førde - Scandic Sunnfjord Hotel og Spa</b>
<b>Møtedato</b>	<b>17.10.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>17:45 – 19:50</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**  
**Gunnhild Berge Stang, V**

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemmer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Merete Husabø Nornes**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 28.09.16 vart godkjend utan merknader.

Fylkesordføraren orienterte om situasjonen på Luteladet/Gjøa-avtalen.

Fylkesordføraren orienterte om oppfølginga av framlegget til statsbudsjett.

## **SAK 103/16 Møteplan 2017**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

### **FYLKESTINGET:**

Onsdag 19.april\*  
Tysdag/onsdag 13 og 14.juni  
Tysdag 17.oktober  
Tysdag/onsdag 5 og 6.desember

\*Møte i fylkestinget dersom nok saker.

Fylkesordføraren får fullmakt til å avgjere kvar fylkestinga skal haldast.

### **FYLKESUTVALET:**

Onsdag 25.januar  
Onsdag 8.mars  
Onsdag 5.april  
Tysdag 18.april (før FT)  
Onsdag 3.mai  
Onsdag 31.mai  
Måndag 12.juni (før FT)  
Onsdag 21.juni  
Onsdag 23.august  
Onsdag 27.september  
Måndag 16.oktober (før FT)  
Onsdag 1.november  
Onsdag 22.november  
Måndag 4.desember (før FT)

I samband med møta i fylkesutvalet kan det også bli møte i finansutvalet og/eller planutvalet.

### **FINANSUTVALET:**

Følgjande datoar blir førebels sett reserverte for møte i finansutvalet:

Onsdag 8.mars  
Onsdag 3.mai  
Onsdag 27.september  
Måndag 16.oktober  
Onsdag 1.november

### **LIKESTILLINGSUTVALET:**

Onsdag 31.mai

### **DRØFTINGSMØTE MED FYLKESUTVALET, FYLKESHOVUDTILLITSVALDE, FYLKESHOVUDVERNEOMBODET OG HOVUDSAMARBEIDSUTVALET:**

Onsdag 21.juni  
Onsdag 22.november

**POLITIKARDAGAR:**

Måndag 29.mai  
Måndag 22.november

**DAGAR FOR FELLES MØTE I HOVUDUTVALA:**

Torsdag 11.mai\*  
Tysdag 30.mai  
Tysdag 26.september  
Tysdag 21.november

\* Usikkert om det er behov for denne datoen.

**MØTE MED STORTINGSREPRESENTANTANE, FYLKESMANNEN, INNOVASJON NORGE, NHO OG HØGSKULEN:**

Dato for desse møta blir fastsett seinare.

**Endringsframlegg:**

Fylkesutvalet kom med framlegg om følgjande endringar:

Fylkesutvalsmøter:

Mandag 6. mars i staden for 8. mars  
Torsdag 6. april i staden for 5. april  
Tysdag 20. juni i staden for 21. juni

Politikardag 25. september

Fylkesting 26. april i staden for 19. april

Fylkesutvalet sitt møte den 25. januar vert lagt til Eid kommune  
Fylkesutvalet sitt møte den 20. juni vert lagt til Årdal kommune

Møter i fylkesvalstyret etter behov.

**Avrøysting:**

Fylkesrådmannen si tilråding med dei endringar som går fram av fylkesutvalet sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**FYLKESTINGET:**

Onsdag 26.april\*  
Tysdag/onsdag 13 og 14.juni  
Tysdag 17.oktober  
Tysdag/onsdag 5 og 6.desember

\*Møte i fylkestinget dersom nok saker.

Fylkesordføraren får fullmakt til å avgjere kvar fylkestinga skal haldast.

**FYLKESUTVALET:**

Onsdag	25.januar – møtetstad Eid kommune
Mandag	6.mars
Torsdag	6.april
Tysdag	25.april (før FT)
Onsdag	3.mai
Onsdag	31.mai
Måndag	12.juni (før FT)
Tysdag	20.juni – møtestad Årdal kommune
Onsdag	23.august
Onsdag	27.september
Måndag	16.oktober (før FT)
Onsdag	1.november
Onsdag	22.november
Måndag	4.desember (før FT)

I samband med møta i fylkesutvalet kan det også bli møte i finansutvalet og/eller planutvalet.

#### **FINANSUTVALET:**

Følgjande datoar blir førebels sett reservert for møte i finansutvalet:

Mandag	6.mars
Onsdag	3.mai
Onsdag	27.september
Måndag	16.oktober
Onsdag	1.november

#### **LIKESTILLINGSUTVALET:**

Onsdag	31.mai
--------	--------

#### **DRØFTINGSMØTE MED FYLKESUTVALET, FYLKESHOVUDTILLITSVALDE, FYLKESHOVUDVERNEOMBODET OG HOVUDSAMARBEIDSUTVALET:**

Tysdag	20.juni
Onsdag	22.november

#### **POLITIKARDAGAR:**

Måndag	29.mai
Måndag	25. september
Måndag	20.november

#### **DAGAR FOR FELLES MØTE I HOVUDUTVALA:**

Torsdag	11.mai*
Tysdag	30.mai
Tysdag	26.september
Tysdag	21.november

\* Usikkert om det er behov for denne datoen.

#### **MØTE MED STORTINGSREPRESENTANTANE, FYLKESMANNEN, INNOVASJON NORGE, NHO OG HØGSKULEN:**

Dato for desse møta blir fastsett seinare.

## **FYLKESVALSTYRET**

Etter behov

---

### **SAK 104/16 Høyring - Rapport om overføring av ansvar for kjøp av innenlandske flyruter til nye folkevalde regionar**

#### **VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane viser til at ingen fylke har bedt om å få overført ansvaret for kjøp av regionale flyruter frå staten.
2. Fylkesutvalet viser også til at spørsmålet om overføring av dette ansvaret stort sett gjeld Nord-Norge-fylka og Sogn og Fjordane. KS har trekt fram generalistprinsippet som viktig når oppgåver til nye folkevalde regionar skal vurderast. Overføring av ansvaret for kjøp av regionale flyruter bryt med dette prinsippet.
3. Fylkesutvalet meiner vi er best tente med at Samferdsledepartementet gjennomfører kjøp av regionale flyruter som i dag, og ønskjer difor ikkje at denne oppgåva vert overført til nye folkevalde regionar.

---

### **SAK 105/16 Aurland, Fjaler, Førde, Gulen og Årdal kommunar - Høyring av utkast til kommunal planstrategi**

#### **VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet støttar vurderingane av utfordringar som er gjort i dei kommunale planstrategiane for Aurland, Fjaler, Førde, Gulen og Årdal kommunar.
2. Regional planstrategi må likevel leggest sterkare til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for prioritering av planarbeidet i planperioden.
3. Kommunane må også i større grad drøfte kva det skal innebere for planarbeidet å vere ein del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion.
4. For Fjaler og Gulen må regional strategisk plan for kysten forankrast i det kommunale planarbeidet i planperioden gjennom å verte prioritert i planstrategien.

---

### **SAK 106/16 Avgrensa rullering av Fylkesdelplan arealbruk - høyring av retningsliner for lokalisering av handel og kjøpesentra**

#### **VEDTAK:**

1. Med heimel i Plan- og bygningslova § 8-3, og forskrift om rikspolitiske retningslinjer for kjøpesentre (FOR-2008-06-27-742), vert «Framlegg til regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra» lagt ut til andre gongs offentleg ettersyn. Høyringsperioden er 18.10- 29.11.2016.
2. Høyringsutkastet til planføresegn skal i heilskap erstatte kapittel 3.2.4 i gjeldande sjekkliste for fylkesdelplan for arealbruk, vedteke 18. oktober 2000.

-----

**SAK 107/16 Fylkesordføraren sin rådgjevar**

**VEDTAK:**

1. Fylkesordføraren sin rådgjevar skal tilsetjast i ei administrativ stilling.
2. Den ordninga som no vert etablert skal evaluerast ved utgangen av fylkestingsperioden.

-----

**SAK 108/16 Skriv og meldingar fylkesutvalet 17. oktober 2016**

**VEDTAK:**

Skriva under vert lagt fram på nytt då FU utsatte å handsame desse i sist møte:

1: Eid vgs - areal for opplæring til nykomne flyktingar og asylsøkjjarar

1a: Planteikning

1b: Illustrasjon

1c: Brev til Eid kommune 23.08.16

1d: Brev frå Eid kommune 30.08.16

**Vedtak:**

Saka vert følgd opp i samband med budsjett 2017/økonomiplan 2017 - 2020.

----- // -----

2: Støtte nyetablerte verksemder

**Vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune går inn som eigar i Sogn og Fjordane Fondet AS med 3 mill. kr. Aksjekjøpet vert finansiert med 1,5 mill. kr i tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge sitt tapsfond i 2016 og 1,5 mill. kr ved bruk av disposisjonsfond.

----- // -----

Skriv til orientering:

3: E-post frå Gaular kommune datert 27.9.16 - Fråsegn

3a: Fråsegn frå Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular kommune til

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

4: Suppleringsval fagopplæringsnemnd perioden 2016 - 2020

5: Rv 52 Hemsedalsfjellet - søknad om støtte

**Vedtak:**

Fylkesutvalet støttar søknaden med kr 0,100 mill. kr.

----- // -----

6: Klimadag 21. november 2016

Skriva under er sendt fylkestinget under dei respektive sakene:

7: Innspel til FT-sak 38/16: Utgreiing om fylkesmannen sin framtidige struktur

8: Innspel til FT-sak 39/16: Språk i Vestlandsregionen

9: Innspel til FT-sak 39/16: Vestlandsutgreiinga

-----